




## DEVELOPMENT OF SUSTAINABLE URBAN CENTRES WITH ACTIVE INVOLVEMENT OF VOCATIONAL EDUCATION AND TRAINING (VET)

### PROSESSMODELL

for lokalt tverr-sektorielt samarbeid om utvikling av berekraftige urbane senter med inkludering av yrkesfaglege utdanning

#### 7-trinns prosessmodell



Eit Erasmus+ Strategisk Partnerskap med 10 partnarar som representerte 5 land har arbeidd frå desember 2017 til februar 2020. Arbeidstittel har vore «VET in Urban Centres».

Det strategiske partnerskapet har særleg hatt fokus på berekraftig utvikling av urbane senter. Dette inkluderte sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Det vart lagt vekt på å kartleggja omfang og måtar for samarbeid om utdanninga mellom: skule/utdanningsinstitusjon – næringsliv - offentlege myndigheiter, med særleg fokus på tema samfunnsutvikling og urban utvikling/byutvikling.

Prosjektet utfordra deltakarane til å etablera og utvikla samarbeid mellom dei tre sektorane med målsetjing om å gjera utdanninga meir relevant og stimulera til meir aktiv lokal berekraftig urban utvikling.

På grunnlag av partnarane sine registreringar av beste praksis, bedriftsbesøk, foredrag, eigne erfaringar, og diskusjonar i 5 transnasjonale partnarmøte er sentrale element for å lukkast med slikt samarbeid formulert i denne prosessmodellen.

### **Partnarar i prosjektet:**

- EARLALL - European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning, Brussels, Belgium
- Agenzia Umbria Ricerche, Umbria, Italy
- Istituto Professionale per l'Industria e l'Artigianato, Umbria, Italy
- BSC Kranj, Gorenjska, Slovenia
- Kranj School Center, Gorenjska, Slovenia
- Barcelona Activa, Catalonia, Spain
- Fjell Municipality (now Øygarden Municipality), Hordaland, Norway
- Sotra Upper Secondary School, Hordaland, Norway
- Knarvik Upper Secondary School, Hordaland, Norway
- Hordaland County Council (now Vestland County Council), Vestland, Norway

### **Tilleggspartnarar:**

- Nordhordland Næringslag, Hordaland, Norway
- Lindås Municipality (now Alver Municipality), Hordaland, Norway

## 7-trinns prosessmodell

### Viktige tema som er relatert til kvart av dei ulike trinna i prosessen

#### 1 Utforsking av utfordringar og mogelegheiter

- Ta utgangspunkt visjonen, oppdrag og verdiar for den aktuelle organisasjonen. Definer om dette ikkje finnest!
- Identifiser reelle behov og utfordringar – undersøk kva som finnest av informasjon og bruk tilgjengelege kontaktar for å få ei korrekt og god forståing av situasjonen.
- Tenk gjennom kven som er reelle interessegrupper for den konkrete saka/ det aktuelle tema. Involver relevante interessentar!
- For å lukkast med å etablere nye samarbeidsrelasjonar eller partnerskap; start med etablerte kontaktar – presenter behov og idéar, - planlegg deretter korleis det kan opprettast kontakt med relevante organisasjonar/ avdelingar/ interessentar. Deretter; gjennomfør det som er planlagt!
- Dei fleste organisasjonar set pris på, og ønskjer samarbeid på relevante område. Likevel er samarbeidet ofte avgrensa på grunn av manglande kapasitet og/eller initiativ. Vær ambisiøs og aktiv når ein søker samarbeid! – Vurder samarbeid som eit instrument for betre yting, betre resultat, sterkare motivasjon og betre organisering.
- Involver studentar/ tilsette/ viktige interessentar i prosessar der det er målsetjing om å kartleggja mogelegheiter og utfordringar.

#### 2 Utforming av idéar

- Utvikla idéar på grunnlag av kunnskap og erfaring.
- Utvikla idear med ambisjonar om å skapa berekraftig utvikling: - miljømessig, - sosialt, - økonomisk.
- Utvikla idéar for nye og justerte tiltak og aktivitetar i størst mogeleg grad basert på utfordringar og planar som alt er identifisert og definert.
- Sjekk kva som er eksisterande planar og strategiar utarbeidde, og/eller vedtekne av myndigheiter, industri, anna næringsliv.
- Skap eit samarbeidsklima som er prega av tillit og openheit mellom alle involverte.
- Utvikla idéar i ei atmosfære av openheit, tillit og forventingar om felles nytte.
- Involver interessentar og kompetanseberarar aktivt i ideutvikling («brainstorming»), diskusjonar og prosjektverkstader.
- Etabler varige og godt definerte strukturar for korleis og når det skal gjennomførast tiltak for idéutvikling og idéoppdatering. Fordel ansvaret og oppgåver tydeleg mellom deltakarane.

#### 3 Utvikling og testing

- Bruk involverande planleggingsprosessar.
- Etabler ein tydeleg politikk, formuler tydelege mål og lag en handlingsplan.
- Forankra mål(a) og planen(ane) hos den mest relevante institusjonen/deltakaren. Hald fast ved og ver lojal mot planen!
- Ver konkret og detaljert: Lag detaljerte planar og definerte mål (t.d. spesialisert opplæring for spesielle jobbar).
- Skap involvering! Sett av nok tid og ressursar til at det vert mogeleg å arbeida effektivt og nå målet/ få resultat.
- Etabler relevante fora og strukturar som sikrar deltaking og medverknad – bruk formelle kontraktar.
- Søk aktivt etter deltakarar: Dei som får nytte av prosjektet/tiltaket bør óg bidra.

#### 4 Utforming av prosjektet

- Få oppdatert informasjon om lokale myndigheter sine lokale planar relatert til berekraftig utvikling av urbane senter.
- Beskriv prosjektet og handlingsplanen på ein god måte: Kvifor, Kva, Når, Korleis, Kven?
- Etabler ein klar og godt definert struktur for gjennomføring og fordeling av ansvar og oppgåver.
- Bruk formelle kontraktar og avtalar (MoU) for å sikra gjennomføring.
- Alle partar som er involvert og påverka av prosjektet bør møtast og diskutera aktuelle tema. «Runde-bords diskusjonar» er aktuell metode når prosjekt skal etablerast og utformast. Metoen er og aktuell i gjennomføringsfasen av prosjekt/tiltak.
- For utdanning er det særleg viktig:
  - Ha stor fokus på haldning til arbeid (arbeidsmoral).
  - Gjera det mogeleg å få erfaringar frå «det verkelege liv»!  
Mykje av undervisning, trening og praktisk arbeid bør gjennomførast hos verksemder, organisasjonar, institusjonar.
- Sentrale og/eller offentleg personar med sterk tilknytning til prosjektet/tiltaket bør ha ei sentral rolle med å synleggjera dette i det offentleg rom og på offentlege arenaer.
- Vurder å bruka element av konkurranse for å auka motivasjon og skapa samarbeidsrelasjonar.

#### 5 Levering og gjennomføring

- Skap ei ressursgruppe ved å gå aktivt ut og inviter interessentar og deltakarar.
- Fordel ansvar og oppgåver tydeleg.
- Lag ein detaljert plan for gjennomføring av tiltaket som inneheld følgjande: Viktige deltakarar – Informasjonsarbeid – Møte.
- Del god og relevant informasjon aktivt; skap relevante og gode arenaer/ plattformer for informasjonsdeling – ha fokus på motivering!
- Lag utstillingar og presentasjonar av produkt og resultat som er oppnådd av studentar, og der studentar lagar eller har ei sentral rolle med å laga til desse.
- Sjekk og følg opp at alle partar gjer sin del av oppgåvene: Lokale myndigheter, skule, næringsliv, kommune.
- Gje tilbakemelding om utvikling og resultat i prosjektet til alle involverte og deltakarar!

#### 6 Vekst, oppskalering og spreiding

- Utvikla eit nærare samarbeid mellom aktørane/interessentane når dette kan vera relevant.
- Skap positive relasjonar - ikkje berre formelle kontraktar og avtalar.
- Utvid prosjektet/programmet til andre sektorar og/eller verksemder/institusjonar.
- Vurder alltid verknaden av prosjektet på miljø, sosiale forhold og økonomi.
- Fordel ansvar og oppgåver i prosjektarbeidet på personar som har stor interesse og engasjement i prosjektet.  
Ved å la studentar få bruka sin kreativitet for berekraftig utvikling av urbane senter i si undervisning og opplæring kan dette bidra til at ein finn nye måtar å løysa utfordringane på, som i neste omgang kan gje forbetra resultat.

## 7 Endring av system

- Skap nye haldningar /«new mindsets» når det gjeld mål – metodar – arbeidsmåtar. Haldningar er viktigare enn kunnskap!
- Anerkjenning, deltaking og støtte frå myndigheiter og autoritetar er viktig for å lukkast. Det er viktig å få formell støtte og aksept for planar, strategiar og aktivitetar.
- Situasjonar og hendingar der mogelegheiter og utfordringar er i fokus kan resultera i endringar. Konkurransar og premiering kan stimulera til aktivitet og kreativitet. Relevant kan vera: Informasjonsdagar – Karrieredagar – Konkurransar.
- Evaluer den totale situasjonen, partnarane, bidraga og bidragsytarane, målsetjinga, tidslina m.m.
- Lag planar for korleis deltakarar skal inviterast inn i prosjektet og i prosessane.
- Lag planar for prosjektet/ tiltaket for ein lengre periode og ver tolmodig – ting tar tid om ein vil oppnå ønska resultat.



Hordaland Februar 2020